Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg:	**Verneområdestyret for SVR**
Møtested:	, Jelsa Hotel, Suldal
Dato:	08.11.2022
Tidspunkt:	09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 40/22	Godkjenning av innkalling og saksliste		
ST 41/22	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 42/22	Orienteringer		
RS 78/22	Referatsaker		
RS 79/22	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til hytte ved Stølsvatnet i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 58/1-2, Gjesdal kommune - Ann-Mari og Odd Haver		2022/7186
RS 80/22	Innvilget søknad om transport med helikopter i forbindelse med drift og vedlikehold av reguleringsanlegg i Åseral kommune, Agder Energi		2022/7096
RS 81/22	Innvilga søknad til motorisert transport med snøskuter, helikopter og motorbåt til Grjotdalsneset i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre		2022/8078
RS 82/22	Godkjenning av inngangsparti/trapp og innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Gnr. 1, bnr. 7 Storhedder. Rhett Tønnesen. Bykle kommune.		2018/1999
RS 83/22	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med leiting etter sau i Frafjordheiane landskapsvernområde, Gjesdal kommune - Inge Marton Østebø		2022/8631
RS 84/22	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med leiting etter sau i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune - Werner Bakka		2022/8858
RS 85/22	Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter frå Øvre Espedalsstøl i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 248/1, Sandnes kommune - Mindor Holte		2022/5881
RS 86/22	Delvis innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Hans Gaarder. Store Halvorsvatn. gnr. 5, bnr. 9. Bygland kommune		2020/6455
RS 87/22	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med leiting etter sau i Lusaheia landskapsvernområde, Hjelmeland kommune - Nilsebu og Storådalen beitelag		2022/8632
RS 88/22	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Mån i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 60/1, Gjesdal kommune - Jæren Friluftsråd		2022/7997

RS 89/22	Innvilga søknad om helikoptertransport av felt villrein frå Kvannvatnet i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 57/1, Suldal kommune - Olav Vetrhus	2022/8086
RS 90/22	Innvilga søknad om helikoptertransport til Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/1, Hjelmeland kommune - Stavanger turistforening	2022/7837
RS 91/22	Tillatelse til å bruke helikopter til frakt av felt storvilt på eiendom i Hægebostad kommune gnr/bnr 106/4-102/4.	2022/7309
RS 92/22	Innvilga søknad om rassikringstiltak ved Urdevotni. FV 450 Brokke-Suleskard. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Agder Fylkeskommune. Valle kommune.	2022/7699
RS 93/22	Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med frakt av nødvendig material, ved, proviant, brensel og utstyr til hytte ved Hanselegå (gnr/bnr. 6/13), Åseral kommune	2022/6018
RS 94/22	Tillatelse til å bruke helikopter, ATV med belter og snøskuter i forbindelse med frakt av felt storvilt , gnr/bnr 102/5- 106/3 i Hægebostad kommune	2022/7000
RS 95/22	Delvis innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Gnr. 5, bnr. 9 Stegilsøygard. Hans Christian Gaarder. Bygland kommune.	2019/5567
RS 96/22	Innvilga søknad om justert dispensasjon til motorisert transport med snøskuter, helikopter og motorbåt til Grjotdalsneset i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre	2022/8078
RS 97/22	Innvilga søknad om dispensasjon til utbetring av punkt på kløvvegen til Steinkilen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre	2022/7805
RS 98/22	Tillatelse til å bruke ATV med belter i forbindelse med frakt av felt storvilt, gnr/bnr 102/4 og 106/4 i Hægebostad kommune	2022/7309
RS 99/22	Tillatelse til å bruke helikopter og ATV med belter i forbindelse med frakt av felt storvilt, gnr/bnr 101/7,9 og 28 i Hægebostad kommune	2022/6194
RS 100/22	Innvilga søknad om dispensasjon til fasadeendring på hytte ved Grjotdalsneset i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre	2022/7144
RS 101/22	Tillatelse til å bruke helikopter for å frakte nødvendig material, utstyr, ved, proviant ol. til hyttene Skulebergtjønn og Breisletthei i Åseral kommune.	2022/7165
RS 102/22	Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Småtjønndalen. Thor Harald Foss. Bygland kommune.	2021/7645

ST 43/22	Høyringsuttale til planprogram for Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet	2022/9374
ST 44/22	Avtale om opning og brøyting av Lysevegen (FK 4224)	2022/3231
ST 45/22	Søknad om dispensasjon til å bruke Speidernes beredskapsgruppe til frakt av utstyr til turisthytter og kvisting av vinterløyper i SVR landskapsvernområde - Stavanger turistforening	2022/9103
ST 46/22	Revidert søknad for utslaking av vegskråning langs riksveg 9 nord for Hovden. Statens Vegvesen. Bykle kommune.	2022/5887
ST 47/22	Søknad om dispensasjon til å arrangere Sesilåmi og motorisert ferdsel i forkant, under og etter arrangementet for 2023-2025, Stiftingen Sesilåmi	2022/7185
ST 48/22	Søknad om utvidelse av hytte ved Skjerlevatn/ Vestvassdalen (gnr/bnr 102/108) i Hægebostad kommune.	2022/729
ST 49/22	Søknad om helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i samband med Heliboogie 2023, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - SBK-BASE	2022/9170
ST 50/22	Førebuande klagehandsaming - Revidert søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med filmopptak på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 221/1, Sandnes kommune - Film in Norway	2022/6124
ST 51/22	Møteplan 2023- verneområdestyret SVR	2021/9253
ST 52/22	Eventuelt	

ST 40/22 Godkjenning av innkalling og saksliste
ST 41/22 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
ST 42/22 Orienteringer
RS 78/22 Referatsaker
RS 79/22 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til hytte ved Stølsvatnet i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 58/1-2, Gjesdal kommune - Ann-Mari og Odd Haver
RS 80/22 Innvilget søknad om transport med helikopter i forbindelse med drift og vedlikehold av reguleringsanlegg i Åseral kommune, Agder Energi
RS 81/22 Innvilga søknad til motorisert transport med snøskuter, helikopter og motorbåt til Grjotdalsneset i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre
RS 82/22 Godkjenning av inngangsparti/trapp og innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Gnr. 1, bnr. 7 Storhedder. Rhett Tønnesen. Bykle kommune.
RS 83/22 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med leiting etter sau i Frafjordheiane landskapsvernområde, Gjesdal kommune - Inge Marton Østebø
RS 84/22 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med leiting etter sau i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune - Werner Bakka
RS 85/22 Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter frå Øvre Espedalsstøl i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 248/1, Sandnes kommune - Mindor Holte
RS 86/22 Delvis innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Hans Gaarder. Store Halvorsvatn. gnr. 5, bnr. 9. Bygland kommune
RS 87/22 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med leiting etter sau i Lusaheia landskapsvernområde, Hjelmeland kommune - Nilsebu og Storådalen beitelag
RS 88/22 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Mån i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 60/1, Gjesdal kommune - Jæren Friluftsråd
RS 89/22 Innvilga søknad om helikoptertransport av felt villrein frå Kvannvatnet i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 57/1, Suldal kommune - Olav Vetrhus
RS 90/22 Innvilga søknad om helikoptertransport til Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/1, Hjelmeland kommune - Stavanger turistforening
RS 91/22 Tillatelse til å bruke helikopter til frakt av felt storvilt på eiendom i Hægebostad kommune gnr/bnr 106/4- 102/4.
RS 92/22 Innvilga søknad om rassikringstiltak ved Urdevotni. FV 450 Brokke-Suleskard. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Agder Fylkeskommune. Valle kommune.
RS 93/22 Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med frakt av nødvendig material, ved, proviant, brensel og utstyr til hytte ved Hanselegå (gnr/bnr. 6/13), Åseral kommune
RS 94/22 Tillatelse til å bruke helikopter, ATV med belter og snøskuter i forbindelse med frakt av felt storvilt , gnr/bnr 102/5- 106/3 i Hægebostad kommune
RS 95/22 Delvis innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Gnr. 5, bnr. 9 Stegilsøygard. Hans Christian Gaarder. Bygland kommune.
RS 96/22 Innvilga søknad om justert dispensasjon til motorisert transport med snøskuter, helikopter og motorbåt til Grjotdalsneset i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre
RS 97/22 Innvilga søknad om dispensasjon til utbetring av punkt på kløvvegen til Steinkilen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune -

Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/9374-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 02.11.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	43/22	08.11.2022

Høyringsuttale til planprogram for Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet

Vedlegg:
1 Rogaland fylkeskommune - Høyringsbrev - Planprogram Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet

Forvalters innstilling

Verneområdestyret for SVR sender ein høyringsuttale som inneheld desse momenta:

- Verneområdestyret er positive til at det under «aktuelle plantema» leggast opp til ei rekke gode tiltak i planområdet. Dette gjeld mellom anna:
    - Ta vare på og vedlikehalde kulturminne og kulturmiljø
    - Ta vare på landskap og naturmangfald
    - Styre og kanalisere ferdsel
    - Samanstille eksisterande kunnskap om viktige landskaps, natur og kulturverdiar
- Verneområdestyret vil minne om at det i Besøksstrategi for SVR blir vist kva for konkrete tiltak verneområdeforvaltninga legg opp til, når det gjeld informasjon og tilrettelegging for styring og kanalisering av ferdsel. Særleg punkta som handlar om Øygardsstøl og Kjerag vil være relevante i det vidare planarbeidet. Verneområdestyret vil spele inn at det bør utarbeidast ein plan for informasjonsskilt ved Øygardsstøl.
- Verneområdestyret registrerer at det i planprogrammet kjem tydeleg fram at tiltak i dei delane av planområdet som ligg i verna areal må være i tråd med aktuelle verneføreskrifter. I desse verneområda vil tilretteleggingstiltak som mellom anna bygningar, tyngre stitilrettelegging og omlegging av stiar være søknadspliktig. Det er derfor viktig at ein i det vidare planarbeidet ikkje legg opp til søknadspliktige tiltak i desse områda utan god dialog med verneområdeforvaltninga.

Saksopplysninger

Rogaland fylkeskommune har sendt forslag planprogrammet for Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet ut på høyring, med høyringsfrist 02.12.2022. Det er og lagt opp til eit høyringsmøte 09.11.2022. Endeleg planprogram vil bli utarbeidd etter høyringa.

Høyringsbrevet til planprogrammet er vedlagt saka, og sjølve plandokumentet kan lastast ned frå denne lenka: Plandokumentet er og lagt ved møteinnkallinga.
Planområdet omfattar mellom anna dei delane av Sandnes kommune som tidlegare utgjorde Forsand kommune. Dermed omfattar det eit areal på 190 km^2 nord i Frafjordheiane landskapsvernområde og eit areal på 39 km^2 vest i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Planprosessen har ei organisering både på politisk og administrativt nivå. SVR kommunane Sandnes, Gjesdal, Hjelmeland og Sirdal deltek på begge nivå.
Rådet for planprosessen består av politikarar frå fylkeskommunen og kommunane Sandnes, Strand, Hjelmeland, Gjesdal, Stavanger og Sirdal. Statsforvalteren deltar som statens representant. Gruppens mandat vil være å gi råd og innspill til arbeidet med planen. Rådet leiast av fylkesordførar og fylkesvaraordførar er nestleiar.
Det er etablert en prosjektgruppe med administrative representantar frå kommunane og andre aktuelle myndigheiter. Gruppas mandat vil være å gi politisk rådgjevande gruppe for planprosessen anbefalinger og innspill til arbeidet med planen.
Det er etablert en bredt samansett referansegruppe med deltaking frå kommunar, næringsliv og organisasjonar som kan ha interesse av planen. Forvaltningssekretariatet fekk tilbod om å sitte i denne referansegruppa, men takka nei fordi vi måtte prioritere andre arbeidsoppgåver.

Det leggast opp til at forslag til regionalplan blir sendt ut på høyring tidleg i 2024, og at regionalplanen blir vedtatt av fylkestinget i Rogaland hausten 2024.



Kart over planområdet.

I følgje plandokumentet er føremålet med planen å ivareta regionale og nasjonale interesser knyt til å bevare natur, kulturmiljø og landskap i Preikestol- og Lysefjordområdet, og samtidig legge til rette for friluftsliv, reiseliv og andre næringar. Regionalplanen skal og avklare ambisjonar og mål for utvikling og bevaring i Preikestolen og Lysefjordområdet, samt beskrive tiltak for å nå måla.
Det vil bli vurdert om det skal utarbeidast mål og tiltak for å fremme regionale ringverknadar knyt til reiseliv. Omfang av dette vil blant annet avhenge av kva for tilbakemeldingar kommunar utanfor planområdet gir i denne høyringa. Planarbeidet skal bidra til å samordne aktørar og verkemiddel, og til at det utviklast strategiar og tiltak for å nå måla som blir satt.

I høyringsbrevet går det fram an ein særleg ønskjer tilbakemelding på om planprogrammet treff i forhold til:
- Plantema. Inneheld forslaget til planprogram de rette plantema for videre arbeid?
- Planavgrensing. Er planavgrensinga hensiktsmessig? Ved andre forslag til planavgrensing, så ber ein om at dette blir grunngjeve.
- Prioriteringar. Er det enkelte plantema eller annet som bør prioriterast i det videre arbeidet med utarbeiding av regionalplanen? Ein ber om at eventuelle forslag blir grunngjeve.
- Regionale ringverknadar for reiseliv. Bør planen innehalde mål og tiltak for regionale ringverknadar for reiseliv? Det er ønskeleg med innspel til korleis dette bør gjerast og kor stort regionalt område som bør leggast til grunn.

Det er og ønskeleg med innspel til om det er:
- Særskilte utfordringar som bør vurderast nærare i planprosessen og i regionalplanen?
- Moglegheiter for utvikling som bør vurderast i planprosessen og i regionalplanen?

Vurdering

Etter verneområdeforvaltar si vurdering vil den aktuelle regionalplanen ha relativt liten innverknad SVR sitt arbeid med forvaltninga av verneområda. Sjølv om planområdet delvis omfattar verna areal, ligg planens hovudfokus på areal utanfor verneområda. Det er uansett positivt at ein i arbeidet med planen legg opp til ei samanstilling av eksisterande kunnskap om viktige landskaps, natur og kulturverdiar i planområdet, og innhente ny kunnskap der det er nødvendig. Det er og positivt at planen ser ut til å ha eit tydeleg fokus på å ta vare på kulturminne, sårbare naturområde og område med viktige naturverdiar.

Særleg i områda ved Kjerag vil verneområdeforvaltninga også i framtida møte utfordringar med styring og kanalisering av ferdsel. Det er derfor positivt at planarbeidet også ser ut til å ha fokus på slike problemstillingar.
I Besøksstrategi for SVR er Øygardsstøl utpeikt som ein innfallsport. På grunn av at det er mange aktørar som har behov for å informasjon på staden, og samordninga mellom desse er vanskeleg, har SVR venta med å utvikle denne innfallsporten. Om denne planprosessen kan bidra til ei betre samordning og kanskje utvikle ein skiltplan for staden vil det være positivt.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering bør verneområdestyret og sende eit tydleg signal om at tilretteleggingstiltak i verneområda, som mellom anna bygningar, tyngre stitilrettelegging og omlegging av stiar, vil være søknadspliktig etter verneføreskriftene. Om planen skal innehalde slike tiltak må dette avklarast med verneområdeforvaltninga på førehand.

Rogaland fylkeskommune

Plan-, miljø- og samfunnsavdelingen

Jf. adresseliste

Dato: **18.10.2022**
Saksnr.: **2021/38886**
Dok.nr.: **36**
Saksbehandler:
Vegard Næss

Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet - Offentlig ettersyn og høring av forslag til planprogram

Rogaland fylkeskommune har startet arbeidet med å utarbeide en regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet. Regionalplanen skal blant annet erstatte gjeldende fylkesdelplanen for Preikestolområdet.

Preikestolen og Lysefjordområdet har et potensial for markedsføring av regionen, og kan gi positive ringvirkninger for reiselivsbaserte næringer andre steder i fylket. Kapittel 6.2.3 omhandler regionale ringvirkninger knyttet til reiseliv, og kan derfor ha interesse for kommuner i hele fylket. Med bakgrunn i dette sendes forslag til planprogram på høring til alle kommuner i Rogaland.

Hensikten med planarbeidet og regionalplanen

Formålet med planen er å ivareta regionale og nasjonale interesser knyttet til å bevare natur, kulturmiljø og landskap i Preikestol- og Lysefjordområdet, og samtidig legge til rette for friluftsliv, reiseliv og andre næringer.

Regionalplanen skal avklare ambisjoner og mål for utvikling og bevaring i Preikestolen og Lysefjordområdet, samt beskrive tiltak for å nå målene. Foreslått planområde er nærmere beskrevet i forslaget til planprogram.

Det vil bli vurdert om det skal utarbeides mål og tiltak for å fremme regionale ringvirkninger knyttet til reiseliv. Omfang av dette vil blant annet avhenge av hvilke tilbakemeldinger kommuner utenfor planområdet gir i denne høringen.

Planarbeidet skal bidra til å samordne aktører og virkemidler, og til at det utvikles strategier og tiltak for å nå målene som blir satt.

Besøksadresse
Arkitekt Eckhoffs gate 1
Stavanger

Postadresse
Postboks 130 sentrum
4001 Stavanger

T 51 51 66 00
E firmapost@rogfk.no
Org.nr 971045698

www.rogfk.no

Rogaland fylkeskommune

Høring av planprogram
Rogaland fylkeskommune varsler med dette brev at forslag til planprogram blir lagt ut til høring og offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningsloven §§4-1 og 8-3. Vedtak om høring er gjort i fylkesutvalgets møte 20. september 2022, sak 180/2022.

Vi vil med dette invitere aktuelle myndigheter, kommuner, organisasjoner og andre interesserte til å gi uttalelse til forslaget til planprogram.

Forslag til planprogram beskriver formålet med planarbeidet, utfordringer og tema for planarbeidet, framdrift og medvirkning. Endelig planprogram vil bli utarbeidet etter høringsperioden. Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet vil deretter bli utarbeidet på grunnlag av det vedtatte planprogrammet.

Forslag til planprogram er vedlagt. Det er også tilgjengelig på fylkeskommunens nettsider på denne lenken.

Vi ønsker tilbakemelding på
Vi ønsker særlig tilbakemelding på om planprogrammet treffer i forhold til:

- Plantemaer. Inneholder forslaget til planprogram de rette plantemaene for videre arbeid?

- Planavgrensning. Er planavgrensningen hensiktsmessig? Ved andre forslag til planavgrensning, så ber vi om at dette begrunnes.

- Prioriteringer. Er det enkelte plantemaer eller annet som bør prioriteres i det videre arbeidet med utarbeidelse av regionalplanen? Vi ber om at eventuelle forslag begrunnes.

- Regionale ringvirkninger for reiseliv. Bør planen inneholde mål og tiltak i for regionale ringvirkninger for reiseliv? Det er ønskelig med innspill til hvordan dette bør gjøres og hvor stort regionalt område som bør legges til grunn.

Det er også ønskelig med innspill til om det er:
- Særskilte utfordringer som bør vurderes nærmere i planprosessen og i regionalplanen?

- Muligheter for utvikling som bør vurderes i planprosessen og i regionalplanen?

Rogaland fylkeskommune

Høringsfrist og gjennomføring av høringen
Høringsuttalelser til forslaget til planprogram sendes til: firmapost@rogfk.no
Merk e-posten med «*Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet*».

Eventuelt brev, send til: Rogaland fylkeskommune, Postboks 130 sentrum, 4001 Stavanger.

Høringsfristen er **2. desember 2022.**

Høringsmøte
Det vil bli holdt et høringsmøte på Teams onsdag 9. november 2022, kl. 12.00, hvor det blir gjort nærmere rede for planprogrammet, medvirkning og planlagt fremdrift for planprosessen.

Påmelding til høringsmøtet er nødvendig. Påmelding gjøres via denne lenken.

Mer informasjon
Mer informasjon om planprogrammet og regionalplanarbeidet ligger på våre nettsider:
Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet - Rogaland fylkeskommune (rogfk.no)

For ytterligere informasjon, ta kontakt med prosjektleder Vegard Næss.
E-post: vegard.naess@rogfk.no , tel: 51 56 67 95

Hilsen

Christine HaverChristine Haver
avdelingssjefregionalplansjef

Vegard Næss
seniorrådgiver

Vedlegg: Forslag til planprogram - Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Oppgi vårt saksnr. når du svarer på brevet.

Rogaland fylkeskommune

Adresseliste

Gjesdal kommune
Hjelmeland kommune
Sandnes kommune
Sirdal kommune
Stavanger kommune
Strand kommune
Agder fylkeskommune
Statsforvalteren i Agder
Statsforvalteren i Rogaland
Haugesund kommune
Vindafjord kommune
Tysvær kommune
Utsira kommune
Karmøy kommune
Kvitsøy kommune
Bokn kommune
Sauda kommune
Suldal kommune
Randaberg kommune
Sola kommune
Klepp kommune
Time kommune
Hå kommune
Bjerkreim kommune
Eigersund kommune
Sokndal kommune
Lund kommune
Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde
Kystverket
Fiskeridirektoratet
Norges vassdrags- og energidirektorat
Miljødirektoratet
Statens vegvesen
Luftfartstilsynet
Statnett
Arkeologisk museum Stavanger
Ryfylkemuseet
Stiftelsen Preikestolen
Lysefjorden Utvikling
Fortidsminneforeningen Rogaland
Fortidsminneforeningen Ryfylke lokallag
Forum for natur- og friluftsliv
Ryfylke friluftsråd
Jæren friluftsråd

Rogaland fylkeskommune

Stavanger turistforening
Bratte Rogalands venner
Rogaland Alpine redningsgruppe
Lysekraft DA
Naturvernforbundet i Strand
Naturvernforbundet i Rogaland
Norsk Folkehjelp Strand og Forsand
Høllesli Sameige
Lyse Sameie
Næringsforeningen i Stavanger
Næringsforeningen avd.
Norwegian Experience
Ryfylke vassområde
Rogaland bondelag
Rogaland bonde- og småbrukarlag
Norges kystfiskarlag
Sørvest Norges Kystfiskarlag
Norges Fiskarlag Vest
Birdlife Rogaland, NOF avd. Rogaland
Rogaland jeger- og fiskerforening
Næringsforeningen i Stavanger
Næringsforeningen i Stavanger, avd. Strand
Reisemål Ryfylke
Region Stavanger
Ryfylke IKS
Destinasjon Haugesund og Haugalandet
Lyse Kraft DA
Lyse Lnett
Lyse Konsern
Sandnes Havn KF
Stavangerregionen Havn IKS
Norwegian film
NHO Rogaland
NHO Reiseliv
LO
Virke
Avinor
Forsvarsbygg
KS
Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling
Grønn by
Idrettsforbundet
IVAR
Rogaland brann og redning
Helse Vest
Jordvernforeningen i Rogaland

Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Kommunehuset, 4440
Tonstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47 38 17 62 03
fmavgso@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/3231-0

Saksbehandler: Guro Sødergren

Dato: 02.11.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	44/22	08.11.2022

Avtale om opning og brøyting av Lysevegen (FK 4224)

Vedlegg 1: avtale om opning og brøyting av Lysevegen (FK 4224)

Forvaltars innstilling

Verneområdestyret for Setesdal- Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) innvilgar avtala mellom Agder Fylkeskommune og SVR om opning og brøyting av Lysevegen (FK 4224). Avtala avviker ikkje frå det brøyteregime som har vore gjennomgåande frå før.

Lysevegen skal ikkje begynne å brøytast før tidlegast veka før påske.

Lysevegen kan opnast for biltrafikk 1 mai og skal vera stengt for biltrafikk innan 31 november.

Prosedyrar og føresetnader om særskilte høve

- Om det er sikre observasjonar av villrein langs Lysevegen i april, eller det har opphaldt seg villrein vest for Lysevegen gjennom vinteren, skal dato for start av brøyting utsettast til faren for forstyrring ikkje lenger er til stade. Opning skal likevel kunne skje frå og med 1.mai.
- Om det er sikre observasjonar av villrein langs Lysevegen i november og desember, eller det har opphaldt seg villrein vest for vest for anleggsvegen frå Ådneram til Duge, skal Lysevegen stengast 1. november.
- Seinast ei veke før brøyting skal vegeigar kontakte forvaltningssekretariatet for ein utsjekk av om det er villrein i området.
- Avtalen skal reforhandlast om villreinens områdebruk endar seg vesentleg.

Saksopplysningar

Bakgrunn for avtale
Om lag 6 km. av Lysevegen mellom Øvre Sirdal og Lysebotn, ligg i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde der verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde. I motsetnad til veg Brokke – Suleskardvegen er det for Lysevegen ikkje gjeven opningstid for vegen i verneforskrifta.

Opningstida er omtalt i forvaltningsplanen for verneområda frå 2014, kap. 2.4.3:

«Vegen Sirekrok-Lysebotn bør vere stengt i tidsrommet f.o.m. 1. november t.o.m. 20. mai innanfor verneområdet, sjølv om dette ikkje er nedfelt i verneforskrifta. Verneområdestyret bør kome fram til ein avtale om dette med vegstyresmaktene. Verneområdestyret bør, i samarbeid med vegstyresmaktene, også komme fram til ordningar med varsling av planlagt brøyting, slik at denne kan utsettast, om spesielle tilhøve skulle tilseie det. Området ved Andersvatnet-Børsteinvatnet, er ei trekksone i verneforskrifta for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, og var tradisjonelt ein viktig trekkveg. Om villreinen på nytt tek dette trekket i bruk, er det viktig at fylkesvegen ikkje blir brøytt for tidleg.»

Slik områdebruken er for dyra har vore dei siste 20 åra er det ikkje tungtvegande grunnar for å halde på desse datoane. Likevel viktig at avtalen tek høgde for at desse tilhøva kan endre seg på sikt. I kongeleg resolusjon ved opprettinga av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart det og føresett at ei slik avtale skulle opprettast.

Verneområdestyret sin myndigheit gjeld berre innanfor vernegrensa. Villrein er vesentleg del av verneføremålet, inkl. sona for ferdselsforbod f.o.m 15. april t.o.m 20. mai. Frafjordheiane har størst verdi som vinterbeite. Berre sporadisk nytta dei siste 20 åra. Vanskeleg inngang til området frå nord som følgje av infrastruktur og ferdsel i området Ådneram/Flatstøldalen/Svartevatn. Villreinen kjem difor berre sporadisk i posisjon til kryssing av Lysevegen. Nedising av beiter år om anna kan endre dette. Kryssing av dyr kan bli meir aktuelt om det vert iverksett tiltak Sirdal nord for å lette passasjen.

Den tida det var mykje dyr i Frafjordheiene var det særleg november/desember dei trakk over vegen og vidare utover. Retur normalt i april. Fleire år på 80- og 90-talet vart det og ståande att dyr i Frafjordheiane under kalving og på sommarbeite.

Vedlegg 1:

Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Avtale

mellom

Agder fylkeskommune og Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde (SVR)

om opning og brøyting av Lysevegen (FK 4224).

Bakgrunn for avtale:

Om lag 6 km av Lysevegen mellom Øver Sirdal og Lysebotn ligg i verneområde Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane der verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde. Det er ikkje gjeven opningstid for vegen i verneforskrifta. Opningstida er omtalt i forvaltningsplanen for verneområda frå 2015 kap. 2.4.3:

«Vegen Sirekrok-Lysebotn bør vere stengt i tidsrommet f.o.m. 1. november t.o.m. 20. mai innanfor verneområdet, sjølv om dette ikkje er nedfelt i verneforskrifta. Verneområdestyret bør kome fram til ein avtale om dette med vegstyresmaktene. Verneområdestyret bør, i samarbeid med vegstyresmaktene, også komme fram til ordningar med varsling av planlagt brøyting, slik at denne kan utsettast, om spesielle tilhøve skulle tilseie det. Området ved Andersvatnet-Børsteinvatnet, er ei trekksone i verneforskrifta for Setesdal VestheiRyfylkeheiane landskapsvernområde, og var tradisjonelt ein viktig trekkveg. Om villreinen på nytt tek dette trekket i bruk, er det viktig at fylkesvegen ikkje blir brøytt for tidleg.»

Slik områdebruken er for dyra har vore dei siste 20 åra er det ikkje tungtvegande grunnar for å halde på desse datoane. Likevel viktig at avtalen tek høgde for at desse tilhøva kan endre seg på sikt.

I kongeleg resolusjon ved opprettinga av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart det og føresett at ei slik avtale skulle opprettast.

Innhald i avtale

Start av brøyting innanfor vernegrensa

Lysevegen skal ikkje begynne å brøytast før tidlegast veka før påske.

Opningstid og stenging av Lysevegen

Lysevegen kan opnast for biltrafikk 1 mai og skal vera stengt for biltrafikk innan 31 november.

Prosedyrar og føresetnader om særskilte høve

- Om det er sikre observasjonar av villrein langs Lysevegen i april, eller det har opphaldt seg villrein vest for Lysevegen gjennom vinteren, skal dato for start av brøyting utsettast til faren for forstyrring ikkje lenger er til stade. Opning skal likevel kunne skje frå og med 1.mai.
- Om det er sikre observasjonar av villrein langs Lysevegen i november og desember, eller det har opphaldt seg villrein vest for vest for anleggsvegen frå Ådneram til Duge, skal Lysevegen stengast 1. november.
- Seinast ei veke før brøyting skal vegeigar kontakte forvaltningssekretariatet for ein utsjekk av om det er villrein i området.
- Avtalen skal reforhandlast om villreinens områdebruk endar seg vesentleg.

Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/9103-3

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 02.11.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	45/22	08.11.2022

Søknad om dispensasjon til å bruke Speidernes beredskapsgruppe til frakt av utstyr til turisthytter og kvisting av vinterløyper i SVR landskapsvernområde - Stavanger turistforening

Vedlegg:
1 Stavanger turistforening - Søknad om å ha med Speidernes beredskapsgruppe på transport til hytter og kvisting av løyper vinteren 2023

Forvalters innstilling

Verneområdestyret avslår søknaden frå Stavanger turistforening om å kunne bruke Speidernes beredskapsgruppe til frakt av utstyr til turisthytter og kvisting av løyper i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vinteren 2023. Vedtaket er fatta etter kapittel IV, punkt 5 i verneføreskrift for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og §48 i naturmangfaldlova.

Avslaget grunngjevast med at ein dispensasjon vil være eit brot på gjeldande forvaltningspraksis som er nedfelt i Forvaltningsplan for SVR. Her blir det lagt til grunn at motorisert transport skal gjennomførast av den som har dispensasjon til det aktuelle transportføremålet, eventuelt av leigekøyrar med kommunalt ervervsløyve.
Å endre forvaltningspraksis på dette punktet vil føre til store og uoversiktlege presedensverknadar. Dersom motorisert transport skal kunne gjennomførast av andre enn løyveinnehavar og leigekøyrar, vil eksisterande leigekøyringsordning bli uthola og få dårlegare lønnsemd. Noko som kan medføre eit dårlegare leigekøyringstilbod og at fleire, til dømes hytteeigarar, vil ønskje å ha eige snøskuterløyve. Dette er ei utvikling som kan føre til auka motorferdsel i verneområda.

Speidarens beredskapsgruppe og dei andre redningsgruppenes motorferdsel i verneområda er mellom anna regulert av Sør-Vest Politidistrikts øvingsplan for denne verksemda. Denne øvingsplanen har blitt til etter ein omfattande prosess, og omfattar ikkje den aktiviteten det nå er søkt om. Innføring av ei ordning der redningsgruppene får dekket deler av sitt behov for kjentmannskøyring gjennom å delta på andre aktørar sine transportar, vil endre føresetnadane for denne øvingsplanen. Denne ordninga kan

derfor ikkje innførast før etter ein eventuell revidering av øvingsplanen. Det visast og til retningslinjene til Klima- og miljødepartementet, kor det går fram at det som ein hovudregel berre skal gjevast dispensasjon til kjentmannskøyring som inngår i ein øvingsplan.

Ei endring av forvaltningspraksis som inneberer såpass store konsekvensar bør ikkje skje gjennom handsaming av ein enkelt søknad. Ei slik prinsipiell avgjerd bør avklarast i prosessen med revidering av forvaltningsplanen eller gjennom at verneområdestyret handsamar dette som ein grundig utgreidd prinsippsak. Verneområdestyret ser at ei slik ordning kan bidra til å redusere motorferdsla i verneområda, men ønskjer å ta seg tid til å vurdere dei langsiktige effektane av å endre forvaltningspraksisen på dette område.

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Forvaltningssekretariatet har mottatt to søknader om snøskuterkøyring i samband med kvisting av Stavanger turistforening (STF) sine vinterløyper i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest (SB) har i søknad frå 23.09.2022, bedt om å få erstatte to tildelte kjentmannsturar for å delta med snøskuter når STF skal kviste sine løyper.
STF har i brev frå 06.10.2022, søkt om at SB kan delta når STF skal gjennomføre snøskutertransportar av utstyr til turisthyttene og kvisting av løypenettet. STF fekk i delegert vedtak 67/20 og 8/21, dispensasjon til eigen motorferdsel for perioden 2020-2023.

Forvaltningssekretariatet har valt å fremme søknaden frå STF for verneområdestyret ettersom søknaden reiser fleire viktige prinsipielle spørsmål. Søknaden frå SB vil bli handsama som ein delegasjonssak i tråd med dei signala verneområdestyret gir i handsaminga av søknaden frå STF.

Snøskutertransportane søknaden gjeld er ein tur for kvisting av løyper før vinterferien på traseen Ådneram-Taumevatn-Storevatn-Grautheller-Ådneram. Samt ein tur for kvisting før påske på traseen Ådneram-Kringlevatn-Litle Aurådal-Storsteinen–Hovatn.
Søknaden gjeld for vinteren 2023.
Søknaden gjeld dispensasjon til deltaking med inntil 10 ekstra snøskuterar, som er det talet på køyretøy som SB har i sitt løyve til kjentmannsturar etter vedtak i AU-sak 14/21.

STF legg til grunn for søknaden, at Speidernes beredskapsgruppe ved ein eventuell dispensasjon, ikkje brukar dispensasjonane dei alt har fått til ein kjentmannstur til Storevatn og ein kjentmannstur til Kringlevatn.
Bakgrunnen for søknaden frå STF er at dei ønskjer å få til ei meir effektiv gjennomføring av kvisting og såleis færre snøskutertransportar i verneområde. Dette oppnår ein ved å bruke fleire snøskuterar på dei turane som blir gjennomført. STF sender søknaden etter ein førespurnad frå SB om å delta på kvistinga.
SB ønskjer å bli best mogleg kjent i områda for å være forberedt til eventuelle søk- og redningsaksjonar. I samband med dette er det viktig å lære om terrenget og få erfaring med skred og andre farar.



Kart over aktuelle hytter og kvista løyper frå Ådneram i sør til Hovatn i nord.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.4.00
- Forvaltingsplan for SVR, godkjend 2015
- Naturmangfaldlova
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder. Rundskriv fra Klima og Miljødepartementet frå15.05.2020

Heimelsgrunnlag
Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet går fram av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:
"1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa. "

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 5.
Her heiter det mellom anna at motorisert ferdsel på land er forbode i landskapsvernområdet, med ein del unntak. Forvaltingsstyresmakta kan også gjeve dispensasjon til motorisert transport i somme tilfelle. Etter punkt 5.4, bokstav c, kan forvaltingsmyndigheita gje dispensasjon til nødvendig luft- og snøskutertransport av materiell, utstyr og proviant til hytter og buer. Dette er utdjupa i kapittel 2.4.3 i Forvaltingsplan for SVR. Motorisert ferdsel i samband med kvisting av løyper kjem ikkje under nokre av bestemmingane i punkt 5.4, og treng såleis dispensasjon etter §48 i naturmangfaldslova for å kunne gjennomførast.

I §48 i Naturmangfaldlova heter det at "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig".

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. Ifølge rundskrivet må følgende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:
- Tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig.
- Tiltaket må ikke stride mot vernevedtakets formål.

Det følger av samme retningslinjer at forvaltningsmyndigheten særlig bør vurdere presedensvirkninger av en dispensasjon.

I Forvaltningsplan for SVR blir retningslinjer for motorferdsel omtala i kapittel 2.4 på side 32-40. Her går det fram at snøskuterløyve kan gis til allment anerkjende nytteformål som landbruksdrift og transport av materialar, brensel og proviant til hytter. Kvisting av løyper er og nemnt. Det går og fram at utover søker med eit konkret transportbehov, kan transportane utførast av leigekøyrar med kommunalt ervervsløyve.
Denne konkrete søknaden har og blitt drøfta i arbeidsutvalget i verneområdestyret for SVR, der følgende vart protokollert etter møte 07.10.2022:
«På bakgrunn av Stavanger Turistforening sin søknad om å få ha med seg Speiderenes beredskapsgruppe til å kviste vinterløyper, ba forvaltningssekretariatet om råd til hvordan denne søknaden skulle handteres. AU meinte det var viktig å holde fast på prinsippet om at motorferdsel i SVR bare kunne skje etter dispensasjon til det formålet det har blitt søkt om.»

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova
Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål
Store deler av den aktuelle køyreruta går i eit ope høgfjellandskap om lag 700-1300 moh, men den går og i område med fjellbjørkeskog 600-700 moh. Desse delane av områda i SVR blir brukt av villreinen store delar av året. I Norsk raudliste for arter 2021 er villrein oppført som nær truge (NT).
Dette blir og stadfesta av resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011) og nyare data frå www.dyreposisjoner.no for perioden 2011-2022. Norsk Villreinsenters rapport *Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010)* er det registrert fleire villreintrekk nær køyreruta det er søkt om. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase er det ikkje registrert informasjon om andre prioriterte arter, trua eller nær truga arter på Norsk raudliste for arter 2021 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område.
Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget(§8) om naturmangfaldet som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. Det er samstundes stor usikkerheit knytt kva for innverknad ein dispensasjon vil ha på den samla motorferdsla i verneområdet på lang sikt. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt ei viss vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Utover dei sju turisthyttene ligg det åtte Statskoghytter, samt nokre få private hytter nær køyreruta. I tillegg er det fleire kraftverksinstallasjonar og regulerte vatn og vassdrag i området i samband med Sira-Kvina og Ulla-Førre reguleringane. Det er derfor ein del motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til hyttene og i samband med tilsyn av kraftverksinstallasjonane og drift av Statskoghytter. I tillegg har Sandnes Røde Kors og Speidernes beredskapsgruppe løyve til to kjentmannsturar i året for deler av strekninga nordover frå Ådneram. Det er og ein del skituristar i område i helger og ferier frå februar til mai. Kvar vinter er det til saman registrert om lag 1500 overnattingar på dei sju turisthyttene etter køyreruta.

Delar av områda langs køyreruta viktige vinterbeiteområde for villrein. Delar av området er og belasta med kraftinstallasjonar og regulerte vassdrag som utgjer hindringar for villreinen. Det er og ein relativt omfattande både motorisert og ikkje motorisert ferdsle i område frå før. På bakgrunn av desse opplysningane, og datagrunnlaget som ligg til grunn for klassifiseringa av villreinområdet etter kvalitetsnorm for villrein, vurderer forvaltningsmyndigheita den samla belastninga som moderat til høg.

Den samla ferdsla blir vurdert til å være av eit slik omfang at den til tider medfører systematiske forstyrringar av villreinen. Etter forvaltingsstyresmakta si vurdering, vil den motorferdsla det er søkt om utgjere ein mindre del av den samla belastning på økosystemet i område. Sjølv om motorferdsla har eit

visst omfang så følgjer den faste køyreruter. Dei alle fleste transportane gjennomførast i eit avgrensa tidsrom tidleg i februar før simlene tek til med trekket mot kalvingsplassane lenger nord og aust.

STF oppgjer i sin søknad at talet på snøskutertransportar i verneområdet vil bli redusert om SB kan delta på transportane. I følgje STF sin rapport for motorferdsla i 2019, vart det gjennomført til saman 29 snøskutertransportar til turisthyttene etter den aktuelle køyreruta. Til saman 23 av desse transportane gjaldt transport av brensel og proviant til hyttene, men seks omfatta kvisting av vinterløypene. Om SB kan delta med 10 snøskuterar på to turar, og STF har to skuterar sjølv, vil talet på transportar bli redusert frå 29 til 7 turar. Sjølv om reduksjonen i talet på transportar kanskje ikkje blir like stort i praksis, så er det inga tvil om ordninga som blir skissert i søknaden vil medføre betydeleg mindre motorferdsel i verneområda. Dette reknestykket viser og at STF, uavhengig av deltaking frå SB, må organisere kvisting og transport til hyttene på ein meir effektiv måte i framtida.

Sjølv om ein dispensasjon isolert sett vil gi mindre motorferdsel i verneområdet, har denne saken viktige prinsipielle sider som må vurderast. Dette gjeld særleg at en ved ein dispensasjon vil gå bort frå den etablerte forvaltningspraksisen med at motorisert transport skal gjennomførast av den som har dispensasjon til det aktuelle transportføremålet, eventuelt av leigekøyrar med kommunalt ervervsløyve. Å endre forvaltningspraksis på dette punktet vil lett føre til ein uoversiktlege situasjon der aktørar utan eige transportføremål, eller eit heilt anna transportføremål, nå kan køyre snøskuter på andre sitt løyve. Ein slik endring av forvaltningspraksis vil kunne ha omfattande presedensverknadar, og kan potensielt føre til meir motorferdsel i verneområde. Dersom motorisert transport skal kunne gjennomførast av andre enn løyveinnehavar og leigekøyrar, vil ein stå i fare for at eksisterande leigekøyringsordning bli uthola og få dårlegare lønnsemd. Dette kan vidare medføre eit dårlegare leigekøyringstilbod og at fleire, til dømes hytteeigarar, vil ønskje å ha eige snøskuterløyve.

Eit anna punkt som må vurderast nøye, er at Speidarens beredskapsgruppe og dei andre redningsgruppenes motorferdsel i verneområda, mellom anna er regulert av Sør-Vest Politidistrikts øvingsplan for denne verksemda. Denne øvingsplanen har blitt til etter ein omfattande prosess, og omfattar ikkje den aktiviteten det nå er søkt om. Innføring av ei ordning der redningsgruppene får dekket deler av sitt behov for kjentmannskøyring gjennom å delta på andre aktørar sine transportar, inneber det ein heilt ny måte å organisere kjentmannsturane/øving på og såleis endre føresetnadane for denne øvingsplanen. Denne ordninga kan derfor ikkje innførast før etter ein eventuell revidering av øvingsplanen. Å gje dispensasjon til kjentmannskøyring som ikkje inngår i ein øvingsplan vil og være i strid med retningslinjene frå Klima- og miljødepartementet.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering bør ikkje ei endring av forvaltningspraksis som inneberer såpass store konsekvensar skje gjennom handsaming av ein enkelt søknad. Ei slik prinsipiell avgjerd bør avklarast i prosessen med revidering av forvaltningsplanen som vil ta til i 2024, eller eventuelt gjennom at verneområdestyret handsamar dette som ein grundig utgreidd prinsippsak.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering.
Etter forvaltningssekretariatet si vurdering vil transport med snøskuter være den beste løysinga for det transportbehovet som er skissert søknaden.
§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon
Å gi STF dispensasjon slik det er søkt om vil isolert sett medføre redusert motorferdsel i Setesdal Vesthei–Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Samtidig vil ein dispensasjon og medføre ein ny forvaltningspraksis som det er vanskeleg å overskoa konsekvensane av. Ein dispensasjon vil mellom

anna kunne svekke den etablerte ordninga med leigekøyring, og eit redusert leigekøyringstilbod kan på sikt medføre auka motorferdsel i verneområda.
Ein slik dispensasjon bør derfor berre eventuelt gis etter ei grundig vurdering av positive og negative verknadar av ein ny forvaltningspraksis. Ei slik endring av forvaltningspraksis bør berre skje gjennom det kommande arbeidet med revideringa av forvaltningsplanen eller ein grundig utgreidd prinsippsak i verneområdestyret.

SVR **06.10.2022**
Verneområdeforvaltar
Guro Sødergren

Stavanger Turistforening vil med dette søke om å få nødvendige tillatelser til at snøskuter fra Speidernes beredskapsgruppe kan delta på "***transport med snøskuter i forbindelse med frakt av utstyr og kvisting av vinterløyper***"
Bakgrunnen er å få mer effektiv gjennomføring med mindre turer i fjellet - flere snøskutere kjører sammen færre ganger.
- Hvilke skutere med hvilke sjåfører meldes inn før start av turen.

Bakgrunnen er en forespørsel fra Speidernes beredskapsgruppe om å få kunne delta på kvistingen for å lære om terrenget og erfaringer med skred og andre farer. Bli best mulig kjent og være forberedt på søks- og redningsaksjoner. Samtidig ønsker de som oss og holde skuterkjøring på minst mulig nivå.

Løyvende det gjelder er kvisteturen før vinterferien på traseen Ådneram, Taumevatn, Storevatn, Grautheller, Ådneram
Samt kvistetur før påske fra Ådneram - Kringlevatn - Litle Aurådal - Storsteinen - Hovatn
Med inntil det antall snøskutere som Speidernes beredskapsgruppe har på dagens løyver for kjentmannskjøring.

Forutsetningen fra vår side er at Speidernes beredskapsgruppe da ikke bruker/trekker tilbake ett løyve de har på strekningen til Storevatn og ett løyve på strekningen til Kringlevatn.

Dette gjelder kun 2023
Vi gjør opp status og erfaring før vi søker på nytt løyve 2024-2027

Med vennlig hilsen

Per Henriksen
Driftsleder
Stavanger Turistforening
Postadresse: Postboks 239 sentrum, 4001 Stavanger
Besøksadresse: Olav V's gate 18, 4005 Stavanger
Mobil: + 47 982 17 262
www.stf.no
per@stf.no

Verneområdestyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad, Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/5887-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 01.11.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	46/22	08.11.2022

Revidert søknad for utslaking av vegskråning langs riksveg 9 nord for Hovden. Statens Vegvesen. Bykle kommune.

Vedlegg:

1 Søknad
2 C001-C002 Revidert 31.10
3 C003-C004 Revidert 31.10
4 C005-C006 Revidert 31.10
5 C007-C008 Revidert 31.10
6 C009-C010 Revidert 31.10
7 Faun rapport R030

Forvalters innstilling

Med heimel naturmangfaldslova § 48 får Statens Vegvesen løyve til å fylle på massar i vegskråning langs riksveg 9 nord for Hovden liggjande i *Hovden Landskapsvernområde* og *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde*. Føremålet med tiltaket er å slake ut vegskråning for å minske risikoen for skade ved utforkøyring. Løyvet gjeld også naudsyn motorferdsel for utfylling av slike masser og fjerning av enkelte større stein som utgjer ein tryggleiksrisiko.

Vilkår
Kart over Sesilåmi trasèen- fra Brokke i Valle til Sinnes i Sirdal- 52 km.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.

Hjemmelsgrunnlag

Verneforskrift

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde ble vernet ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Formålet med vernet går frem av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde:

"1. Å ta vare på et sammenhengende, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområder, beitelandskap og kulturminner.
2. Å ta vare på et sammenhengende fjellområde som leveområde for den sørligste villreinstammen i Europa. "

Arrangører av større, organiserte arrangement som for eksempel Sesilåmi må søke forvaltningsmyndigheten om løyve til arrangementet/ ferdselen etter verneforskriften kapittel IV, punkt 4. Faste arrangement vil kunne få flerårige løyver.

Motorisert ferdsel i verneområdet reguleres av verneforskriften kapittel IV, punkt 5. Motorisert ferdsel på land er forbudt i landskapsvernområdet - med en del unntak.

Naturmangfoldloven
Den motoriserte delen av søknaden vil bli behandlet etter § 48 i naturmangfoldloven. Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak jf. naturmangfoldloven § 48 når det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig:

Det er to vilkår for dispensasjon etter denne bestemmelsen og begge vilkårene må være utfylt for at dispensasjon kan gis:

1) Tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig, og
2) Tiltaket må ikke stride mot vernevedtakets formål.

Forvaltningsplan for SVR
Vernemyndighetene for SVR er i utgangspunktet restriktive til å gi løyve til skadelige organisert ferdsel og større arrangement, der ferdselen kan ha negativt innvirkning på verneverdiene eller kan komme i konflikt med andre brukerinteresser. Forvaltningen skal være restriktiv med å gi dispensasjon til slik aktivitet hvis det kommer i konflikt med blant annet viktige funksjonsområde for villrein, hekkelokaliteter for rødlista arter, områder som er sårbare for slitasje, område med viktige næring og eller friluftsinteresser. Ved eventuelt løyve kan det bli aktuelt å stille vilkår i forhold til avlysning, områdebruk, tider på året/døgnet, størrelse på gruppene o.l. Forvaltningen skal orientere søker om plikten til å innhente løyve fra grunneier.

Motorferdsel i verneområdene skal avgrenses til det som er strengt nødvendig, og holdes på et nivå som ikke er til skade for naturmangfoldet eller til ulempe for andre brukergrupper. Motorferdsel i viktige område for villreinen som trekk og kalvings område og viktige områder for vinterbeite skal avgrenses så mye så mulig og holdes på et nivå der en unngår systematiske forstyrrelser.

Preparering av skiløyper i verneområdet vil bare bli aktuelt, når konflikten med villreinen er svært avgrenset, og/eller der den kanaliserende effekten er sterk. Oppkjøring av skiløyper bør bare skjer i utkanten av verneområdet.

Forvaltningsmyndighet
Styret for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Frafjordheiene har forvaltningsmyndighet for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernområde.

Vurdering
Sesilåmi har blitt arrangert i flere år før område ble vernet og har en etablert praksis og er viktig for Valle og Sirdal kommune. Å bryte en etablert praksis er vanskelig, arrangøren stilte seg selv spørsmål om *Sesilåmi har livets rett* etter tre år med avlysninger.

Forvalter kan ikke bare vurdere påvirkning og konsekvenser selve renndagen, men alt av aktivitet arrangør står for i tiden før, under og etter løpet. Det har tidligere år (før 2019) blitt praktisert at arrangøren får starte med grunnpreparering av løype tre uker i

forkant av renndatoen. Forvalter innstiller på å videreføre praksis fra sist løyveperiode, 2019-2022, om grunnpreparering 2 uker i forkant. Dette for å redusere tiden med forstyrrelser for dyra. For deltakerne varer Sesilåmi en dag, for villreinen varer den i flere uker i et viktig vinterbeiteområde.

Forvalter avgrenser løyvet til å gjelde kun for 2023. Etter dette kan det ikke påregnes at tillatelsen til arrangementet blir videreført. Gitt den krevende situasjonen for villreinstammen i Setesdal Ryfylke, senest aktualisert gjennom klassifiseringa i kvalitetsnormen, er ikke denne type arrangement forenelig med å ivareta leveområdene. Isolert sett er ikke arrangementet kritisk, men det må sees i nær sammenheng med den samla belastningen villreinområdet er utsatt for.

For å styrke kunnskapsgrunnlaget for villrein sendte forvalter søknaden på høring til Valle og Sirdal kommune, Statsforvalteren i Agder og Villreinnemda for Setesdalsområdet datert den 23.09.22.

Kort oppsummering av høringssvar:

Valle kommune datert den 06.10.22 i vedlegg 2.

Løypekjøring må skje i kortest mulig tidsrom. Dersom der oppstår lignende beiteforhold som i 2020 med massiv nedising så er det helt nødvendig at dyra får fred.

Høringssvar fra Villreinnemda for Setesdalsområde datert den 27.20.22 i vedlegg 1.

Med bakgrunn i dagens kunnskap om villrein er villreinnemda skeptisk til gjennomføring av Sesilåmi. Arrangør må innerbeida rutinar for mogleg avlysing av rennet grunna villrienomsyn. Dette må vere like sjølvsagt som rutinar i forhold til å avlyse rennet grunna vanskelege verforhold. Dette må komme tydeleg fram i marknadsføring/omtale av rennet.

Etter § 7 i Naturmangfoldloven skal de miljørettslige prinsippene i § 8-12 legges til grunn som retningslinjer ved utøvelse av offentlig myndighet. Forvaltningsmyndigheten må vurdere søknaden etter disse prinsippene ved alle tiltak som vedrører naturmangfoldet, og disse vurderingene skal fremgå av beslutningen.

Villrein
Villreinen i Setesdal Vesthei er i dag under et enormt press. Leveområdet er fragmentert av veier, hytteutbygging, ferdsel fra folk, vannkraft og anleggsveier. Det omfattende arbeidet som er gjort i klassifisering av de ti nasjonale villreinområdene etter kvalitetsnorm for villrein, deriblant Setesdal Vesthei, viser at bestanden har dårlig kvalitet grunnet bestandsforhold og menneskelig påvirkning. Kvalitetsnormen er retningsgivende for alle saker som har betydning for villrein. Villreinstammen ble i 2021

rødlista som betyr at villreinen er vurdert som «nær truet» på grunn av nedgang i bestanden på landsbasis og fragmentering av leveområdene.

I dag har vi mye kunnskap om dyrenes ferdselsmønster i Setesdal Vesthei og påvirkning av ferdsel fra folk. Det vi også vet er at dyrene har få gode vinterbeiteområder og at Sesilåmi krysser et av de få viktigste vinterbeitene i Setesdal Vesthei.



Kartet viser GPS posisjoner til villrein i februar og mars fra 2006-2019. Plottene viser villreinens bruk av område. Gul linje viser Sesilåmitrase i verneområde, ca. 15 km.

Kartet nedenfor viser sentrale viktige vinterbeitene i SVR.



Kart over sentrale viktige vinterbeiter i SVR (blått).

Kunnskapsgrunnlaget i § 8 i naturmangfoldloven må regnes som godt nok til å fatte en beslutning, **§) 9 føre-var- prinsippet** blir det derfor ikke lagt større vekt på.

§ 10 økosystemtilnærming og samlet belastning
Området er preget av ulike type ferdsel både med ski og med snøskuter gjennom hele vinteren fra forskjellige aktører. DNT-sør har vintermerkede løyper som genererer til ferdsel på ski. Samt motorferdsel knyttet til drift og vedlikehold av turisthytter (Øyuvsbu). Kraftselskap har kjøretraseèr med snøskuter for å gjøre jobben sin ved kraftstasjon ved Heiestøl nord for Øyarvatn og ved Rosskreppdammen. I tillegg kommer andre grunneiere og sauenæring som bruker snøskuter for å transportere proviant o.l. til sine hytter i område. Det blir også maskinpreparert skiløype til vernegrensa på Valle siden gjennom hele vinteren.



Strava heat map bekrefter noe av menneskelig påvirkning i området knyttet til Sesilåmi løypa.

§11 kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver
Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom det ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

§ 12 miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder
For å kunne gjennomføre et så stort arrangement i høyfjellet midtvinters er det nødvendig med motoriserte kjøretøy m.h.t til gode løyper og at sikkerheten til deltakerne ivaretas. Alle kjøretøy som skal brukes før, etter og under arrangementet skal merkes, dette er arrangøren selv ansvarlig for at blir gjort. Forvaltingen har ikke satt krav til at sporene skal freses opp etter endt løp. Løypene med skispor vil naturen slette med litt vind.

Konklusjon
Sesilåmi krysser sårbare områder for villrein og rovfugl i en kritisk periode i forhold til vinterbeite For at forvaltningen delvis skal kunne imøtekomme søknaden og samtidig sikre at verneformål og verneverdier ivaretas er det satt strenge vilkår som arrangøren skal følge. Arrangementet får kun løyve for et år og vilkår i tillatelsen skal følges slik at verneverdier og verneformål til en viss grad kan sikres.

Sak 34/2022

Uttale til søknad om motorisert ferdsel i samband med Sesilåmi 2022- 2025

	Møtedato	**Sakshandsamar:**
Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	27.10.2022	Jarle Lunde

Villreinnemnda har 23.09.2022 mottatt førespurnad frå verneområdeforvaltar SVR, der ein ber om uttale på søknad om motorisert ferdsel i samband med Sesilåmi 2022- 2025.
For at kunnskapsgrunnlaget for villrein skal bli så godt så mulig før søknaden skal behandles av verneområdestyret for SVR ønsker vi å sende denne saken på en høring til aktuelle høringsparter.

Vedlegg (i innkalling)

- Stiftinga Sesilåmi: Søknad om løyve til motorisert ferdsle i samband med Sesilåmi 2023-2025
- Løypekart

Saksopplysningar

Søknad Sesilåmi
Forvaltningsmyndigheten for verneområdene i Setesdal- Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har mottatt søknad frå Stiftinga Sesilåmi, om løyve til motorisert ferdsel i samband med Sesilåmi 2023-25.

Sesilåmi er eit turrenn som startar i Brokke i Valle med målgang i Sinnes i Sirdal. Rennet er på 52 km der ca. 15 km av distansen er i verneområdet i Setesdal Vesthei. I høve løyve som vart gitt for åra 2020, 2021 og 2022, så har ingen av arrangementa blitt gjennomført. I 2020 hadde ein uvanlege beiteforhold i det aktuelle fjellområdet som førte til at verneområdestyret trekte tilbake løyvet til gjennomføring av rennet dette året. I 2021 var det pandemi og i 2022 måtte rennet stoppast grunna hard vind og nedbør.

Stiftinga har vurdert om det er realistisk å vidareføre Sesilåmi, men etter ein omfattande prosess har ein kome til at ein vil vidareføre rennet. Ein søkjer om følgjande:

1. Preparering av traseèn til Sesilåmi på følgjande måte:
    a. Tre veker før rennet, ei køyring.
    b. To veker før rennet, to køyringar i veka.
    c. Naudsynt køyring veka før rennet.
2. Naudsynt transport til matstasjonar i høve til behovet.
3. Naudsynt køyring for å sikre tryggleik, beredskap og evakuering.
4. Naudsynt køyring med tanke på filming av delar av rennet.
5. Køyring av sluttpatrulje gjennom løypa etter rennet.

I 2023 er rennet planlagt 19.mars.
Påmelding til løpet opna 1.oktober.

Villreinen og vinterbeite

Setesdal Ryfylke kan karakteriserast som eit villreinområde med marginale beiteforhold om vinteren. Her er store snømengder og hyppig nedising av beite. Med klimaendringar er det venta at forholda vil bli vanskelegare.

GPS-merkeprosjektet har dokumentert at villreinen sør for Blåsjø har trekt sørover om hausten og har vinterbeite sør for Roskreppfjorden. Områda rundt Suleskarvegen har vore nytta som vinterbeite. Areala nyttast fram til og med mars/april. Etter denne tid startar trekket nordover der dyra etablerer seg i kalvingsområda lengre nord.

Forvaltning av villrein

Sesilåmi kryssar Setesdal Ryfylke villreinområde. Dette er eit av 10 villreinområde som har status som Nasjonale villreinområde.

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Me forvaltar dei siste livskraftige bestandane av den opphavelege ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ei fragmentering av villreinen sine leveområde.

Villreinen er oppført på raudlista i Norge med status nær trua.

Kvalitetsnorm for villrein blei vedteke sommaren 2020. Målet med kvalitetsnorma er å beskrive tilstanden til villreinen, mellom anna gjennom eit trafikklys-system som seie oss om eit villreinområde har god (grøn), middels (gul) eller dårleg (raud) kvalitet. Resultata for dei nasjonale villreinområda blei framlagt i april 2022. Etter ei heilskapleg vurdering blei Setesdal Ryfylke klassifisert til dårleg kvalitet (rød). Målet er at minimum middels kvalitet skal nås snarast mogleg. På lengre sikt også god kvalitet. Årsaka til at villreinområde ikkje tilfredsstillar måla er samansett, men sentralt er at vegar og vasskraftutbygging i kombinasjon med ferdsel i utsette områder har

stor negativ effekt på villreinens vandringsmoglegheiter. Kvalitetsnorma skal følgast opp med ein tiltaksplan.

Uavhengig av kvalitetsnorm blir det no arbeida med tiltak i villreinområde som oppfølging av rapporten «GPS villreinprosjektet i Setesdal-Ryfylke. Avbøtende tiltak.»

Det blir også arbeida med ein «Beredskapsplan for omsyn til villrein i vanskelege vintrar». Denne har vore på høyring hausten 2022 og er planlagt iverksett frå vinteren 2023. Bakgrunnen for planen var den vanskelege vinteren 2020. Dette året gjorde mildversperiodar med påfølgjande kulde at mykje av beita i høgheia isa ned og gjorde det ekstra vanskeleg for villreinen. Erfaringa synte trong for betre samordning og konsekvent handling slik at ein er betre førebudd til tilsvarande vintrar seinare.

<u>Heiplanen</u>
I Heiplanen sine generelle retningsliner heiter det mellom anna:
Det skal legges spesiell vekt på å unngå virksomhet, aktivitet og forstyrrelse i vinter beiteområder, kalvingsområder og viktige trekkområder samt fokusområdene i de aktuelle årstider/perioder.



Kartet viser GPS posisjonar frå merka villrein i mars (frå 2006). Rød linje er omtrentleg løypetrase. Mørk grøn farge er omsynsona nasjonalt villreinområde (Heiplanen).

Vurdering

Sesilåmi er eit klassisk høgfjellsrenn som vart arrangert fyrste gong i 1976. Etter 2015 har det vore om lag 1000 deltakarar, men det har vore fleire deltakarar. I 2010, eit år rennet blei avlyst grunna vêrforholda, var det påmeld 2800.

Sesilåmi har ein lang tradisjon og etablert praksis. Rennet er viktig for mange. Å bryte ein etablert praksis er vanskeleg. Etter at ein dei tre siste ikkje fekk gjennomført arrangementet stilte arrangøren sjølv spørsmål om det 46 år lange Sesilåmi-eventyret er over. *«Er det på tide å gi opp? Har Sesilåmi livets rett? Sesilåmi er i ei kritisk fase. Etter 3 år uten renn er det krevende. Men, på bakgrunn av mange svært positive tilbakemeldinger er vi motivert for å fortsette og prøve å få Sesilåmi tilbake til gamle høyder.»*[1]

Sjølve arrangementet går ein dag. Førebuing med skiløypene startar tre veker tidlegare. I denne perioden og ei tid etter rennet, avhengig av vêr og vind, vil dette vere som tilrettelegging for ferdsel. For deltakarene varer Sesilåmi ein dag, for villreinen varer den fleire veker i eit viktig vinterbeiteområde.

I forvaltninga skal ein vere restriktiv med å gi dispensasjon til aktivitet som kan kome i konflikt med viktige funksjonsområde for villrein (Heiplanen, Forvaltningsplan for SVR).

Kvalitetsnorm for villrein har i 2022 slått fast at tilstanden i Setesdal Ryfylke ikkje er godkjend og at det skal utarbeidast ein tiltaksplan for å betre situasjonen. Ein må i denne samanheng vurdere om Sesilåmi, som anna aktivitet i villreinområde, bør leggast ned/om i noverande form.

Verneområdestyre gav sist løyve for 2020-2022. Det blir no søkt om løyve for tre nye år. Planlegging og påmelding for 2023 er allereie godt i gang.

Med bakgrunn i dagens kunnskap om villreinen er sekretariatet skeptisk til gjennomføring av Sesilåmi. Sekretariatet vil rå til at ein ikkje gir løyve for meir enn eit år med vilkår som vil kunne avgrensa negativ påverknad, blant anna
- grunnpreparering må gjerast innafor to veker, ikkje tre som i søknad.
- at arrangør ikkje marknadsfører løypene anna enn for renndag
- arrangør må innarbeida rutinar for mogleg avlysing av rennet grunna villreinomsyn. Dette må vere like sjølvsagt som rutinar i forhold til å avlyse rennet grunna vanskelege vêrforhold. Dette må komme tydeleg fram i marknadsføring/omtale av rennet.

Forslag til vedtak

Med bakgrunn i dagens kunnskap om villreinen er arbeidsutvalet i villreinnemnda skeptisk til gjennomføring av Sesilåmi. Kvalitetsnorm for villrein har i 2022 slått fast at tilstanden i Setesdal Ryfylke ikkje er godkjend og at det skal utarbeidast ein tiltaksplan for å betre

[1] http://sesilami.no/wordpress/er-det-46-ar-lange-sesilami-eventyret-over/

situasjonen. Ein må i denne samanheng vurdere om Sesilåmi, som anna aktivitet i villreinområde, bør leggast ned/om i noverande form.

Me vil no rå til at ein ikkje gir løyve for meir enn eit år med vilkår som vil kunne avgrensa negativ påverknad, blant anna
- grunnpreparering må gjerast innafor to veker, ikkje tre som i søknad.
- at arrangør ikkje marknadsfører løypene anna enn for renndag
- arrangør må innarbeida rutinar for mogleg avlysing av rennet grunna villreinomsyn. Dette må vere like sjølvsagt som rutinar i forhold til å avlyse rennet grunna vanskelege vêrforhold. Dette må komme tydeleg fram i marknadsføring/omtale av rennet.

Behandling

Knut Hagen la fram følgjande
De å arrangere eit turrenn som Sesilåmi krev mykje frivilligt arbeid og då trengs de forutsigbarhet.
Då foreslår eg at villreinemda imøtegår søknad om arrangement i 3 år 2023 til 2025.
Vis ein les søknaden så er de ikkje slik at de skal preparerast kvar dag i forkant av løpet men avgrensa til ein og to dager.
De står også i søknad at de ikkje skal marknadsførast i forkant av løpet.

Arbeidsutvalet diskuterte seg fram til følgjande alternativ til vedtak:

Det å arrangere eit turrenn som Sesilåmi krev mykje frivillig arbeid og då trengs det forutsigbarhet. Villreinemnda imøtekomme søknad om arrangement i 3 år 2023 til 2025. Arrangør må innarbeida rutinar for mogleg avlysing av rennet grunna villreinomsyn. Dette må vere like sjølvsagt som rutinar i forhold til å avlyse rennet grunna vanskelege vêrforhold. Dette må komme tydeleg fram i marknadsføring/omtale av rennet.

<u>Røysting</u>
Forslag til vedtak: O stemmer
Alternativ til vedtak: 5 stemmer, samrøystes

Vedtak

Det å arrangere eit turrenn som Sesilåmi krev mykje frivillig arbeid og då trengs det forutsigbarhet. Villreinemnda imøtekomme søknad om arrangement i 3 år 2023 til 2025. Arrangør må innarbeida rutinar for mogleg avlysing av rennet grunna villreinomsyn. Dette må vere like sjølvsagt som rutinar i forhold til å avlyse rennet grunna vanskelege vêrforhold. Dette må komme tydeleg fram i marknadsføring/omtale av rennet.

Valle kommune
Gjestfri for nye tankar

Verneområdeforvalter SVR v/Guro Sødergren

Vår ref.: .2022/782-2	Sakshandsamar: Knut Gunnar Solli knut.gunnar.solli@valle.kommune.no	Dato 06.10.2022

Høringsuttalelse frå Valle kommune angående behandling av søknad fra Sesilåmi

Viltforvaltninga i Valle kommune har føljande kommentarar til søknaden om løyve til motorisert ferdsel i samband med Sesilåmi:

-løypekøyringa må skje i eit kortast mogleg tidsrom. Å køyre løypa så tidleg som 3 veker føre rennet vil føre med seg ein del skigåing innover i verneområdet. Dette er spesielt lite ønskeleg i vinterbeiteområda som ligg på langs løypa. Som eit minimum er det ønskeleg at punkt 1. a. og punkt 1. b. i søknaden ikkje innvilgast.

-dersom det oppstår liknande forhold som på seinvinteren 2020 med massiv nedising av beite, så er det heilt naudsynt at dyra får fred, både utifrå vanlege villreinomsyn og dyrevelferd (kasting av kalv, utmagra dyr som må bruke kreftar på å springe, med påfølgande død). Difor meiner viltforvaltninga i Valle kommune at eit eventuelt løyve må inndragast viss slike forhold oppstår.

Med helsing
Valle kommune

Knut Gunnar Solli
Landbruksrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.

Fra: Tarald Myrum[tmyru@start.no]
Sendt: 22.08.2022 21:36:37
Til: Postmottak SFAG[sfagpost@statsforvalteren.no]
Kopi: orjan@skiopplevelser.no[orjan@skiopplevelser.no];
Tittel: Søknad om gjennomføring av turrennet Sesilåmi 2023-2025

Hei
Her kjem søknad om gjennomføring av Sesilåmi åra 2023, 2024 og 2025.
Legg og ved kart over løypetrasèen.
Helsing
Tarald Myrum
-Styreleiar i Stiftinga Sesilåmi-

Ny løypetrasè 2005
Lengde: 52 km
Total stigning: 940m

SESILÅMI

Matstasjoner:	Km:	Km til mål:	H.o.h.:
Myklestøl	6,5	45,5	797
Øyuvsbu	17,5	34,5	937
Øyarvatn	28,0	24,0	837
Ånghedlar	41,0	11,0	775



Name:	East	Northing
1.HJELP	406667	6547728
2.HJELP	400413	6544936
3.HJELP	399011	6543880
4.HJELP	396406	6541162
5.HJELP	393110	6538693
6.HJELP	393712	6535025
7.HJELP	386366	6532602
8.HJELP	379665	6532036
9.HJELP	379536	6532862
10.HJELP	378160	6532236

Stiftinga Sesilåmi
v/ Tarald Myrum
Tveitebøvegen 89
4747 Valle

Til
Forvaltningssekretariatet for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane.
v/ Jørn Haug
Setesdalsvegen 3273
4748 Rysstad

Valle 22.08.2022

SØKNAD OM LØYVE TIL MOTORISERT FERDSLE I SAMBAND MED SESILÅMI 2023-2025

Me søkjer med dette om løyve til å gjennomføre turrennet Sesilåmi i 2023,2024 og 2025. Sesilåmi er eit turrenn som startar i Brokke i Valle med målgang i Sinnes i Sirdal. Rennet er på 52 km der ca. 15 km av distansen er i verneområdet i Setesdal Vesthei.

I høve løyve som vart gitt for åra 2020, 2021 og 2022, så har ingen av arrangementa blitt gjennomført.

I 2020 hadde ein uvanlege beiteforhold i det aktuelle fjellområdet som førte til at verneområdestyret trekte tilbake løyvet til gjennomføring av rennet dette året. Seinare vart alle andre turrenn avlyst på grunn av Covid-19 epidemien. Dei renna som vart avlyst på grunn av Covid-19 fekk kompensasjon gjennom den statlege ordninga. Sesilåmi fekk råd om å søke, men fekk avslag på kompensasjon på grunn av at det var villreinproblematikk som var utløysande årsak for avløysinga.

I 2021 var framleis pandemien i samfunnet så det var ikkje aktuelt å gjennomføre arrangementet.

I 2022 låg tilhøva til rette att og me starta førebuing av arrangementet. Samfunnet var i hovudsak vaksinert mot Covid-19, men på vinteren før rennet vart smitten sleppt fri slik at mange potensielle deltakarar vart sjuke eller var usikre på å bli det. Likevel fekk me ei påmelding på drøye 600 deltakarar.

Alt gjekk som planlagt fram til renndagen. Men hard vind og nedbør førte til at rennet måtte stoppast like etter start av tryggleiksomsyn.

Ein har vurdert om det er realistisk å vidareføre Sesilåmi, men etter ein omfattande prosess har ein kome til at me vil vidareføre rennet. Det er gjort mindre endringar på kalendertidspunkt, renndag (sundag) m.m.

På grunn av dei hendingane som er omtalt her, så har me ikkje røynsler frå dei siste åra til å vurdere om rammevilkåra i høve preparering m.m. har gitt oss høve til å gjennomføre gode renn. Når det gjeld villreinproblematikken, så er meldingane frå løypekøyrarar og dugnadsfolk at ein som tidlegare støyter på småflokkar av og til men at ein ikkje registrerer at aktiviteten fører til vesentleg forstyrring.

På denne bakgrunn har me ikkje grunnlag for å føreslå vesentlege endringar i søknaden. I førre periode hadde me løyve til å gjennomføre «Ope spor» fram til Kvislevasskaret helga før rennet. Dette søkjer me ikkje om nå. Det vert ulike aktivitetar i startområdet i Brokke dagen før rennet i staden.

1. Preparering av traseèn til Sesilåmi på følgjande måte:
    a. Tre veker før rennet, ei køyring.
    b. To veker før rennet, to køyringar i veka.
    c. Naudsynt køyring veka før rennet.
2. Naudsynt transport til matstasjonar i høve til behovet.
3. Naudsynt køyring for å sikre tryggleik, beredskap og evakuering.
4. Naudsynt køyring med tanke på filming av delar av rennet.
5. Køyring av sluttpatrulje gjennom løypa etter rennet.

Med helsing

For Sesilåmi

Tarald Myrum

Tarald Myrum
-Styreleiar i Stiftinga Sesilåmi-

Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Kommunehuset, 4440
Tonstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47 38 17 62 03
fmavgso@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/729-0

Saksbehandler: Guro Sødergren

Dato: 01.11.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	48/22	08.11.2022

Søknad om utvidelse av hytte ved Skjerlevatn/ Vestvassdalen (gnr/bnr 102/108) i Hægebostad kommune.

Vedlegg:

1 Hægebostad - Skjerlevatn - 102/108 - klage - utviding av bygningsmasse - SVR

Forvalters innstilling

Med hjemmel i forskrift om *vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde kapittel IV pkt.1.3 bokstav c)*, gir verneområdestyret for Setesdal- Vesthei, Ryfylke og Frafjordheiane tillatelse til oppføring av tilbygg til fritidsbolig ved Skjerlevatn i Vestvassdalen, Hægebostad kommune, som omsøkt. Tiltakshaver kan utvide eksisterende bygning med 17 BYA.

Vilkår

- Maks tillat størrelse inkl. utvidelse skal ikke overskride 50 BYA.
- Møne høyde skal ikke overskride 4,5 m og gesimshøyde skal ikke overskride 3m og høyden på grunnmur må ikke overskride 0,5 m.
- Tiltaket skal bygges med samme kledning, farge og taktekke som eksisterende bygning.
- Det skal ikke sprenges for
- Alt av bygningsavfall skal fraktes ut av verneområdet og levers på godkjent mottak.
- Søker skal sende bilde av ferdig byggetiltak og gi en melding til forvaltingssekretariatet straks byggearbeidet er avsluttet.
- Dispensasjon til å bruke helikopter i byggearbeidet må søkes utenom.
- Byggeløyvet gjelder frem til 8.november 2025.

Verneområdestyret legger vekt på at det foreligger grunnlag for å gi tillatelse til omsøkte tiltak etter verneforskriften kapittel IV punkt 1.3 bokstav c).Tiltaket kan gjennomføres uten at det strir mot formålet med vernet og er vurdert til å ikke være en trussel for verneverdier. Tiltaket har liten påvirkning på landskapets art og karakter. Tilbygget til den eksisterende bygningen vil ikke overskride 50 BYA og er derfor innenfor grensen for utvidelse som kan godtas.

Før arbeidet sette i gang må det innhentes nødvendig tillatelse fra Hægebostad kommune.

Saksopplysninger

Sakens faktiske bakgrunn
Lignende søknad har vært til behandling hos verneområdestyret i SVR to ganger tidligere datert den 2.5.22 og 6.6.22. Søker fikk i begge behandlingene avslag på søknader om å bygge anneks og utvidelse av et skjul i tilknytting til jakthytta.

Etter å ha fått avslag på både å bygge anneks og utvidelse av skjul søker han nå om å få bygge ut fritidshytte/jakthytte, som ligger 1 km innenfor vernegrensen. Det er ikke mulig å utvide eksisterende bygning i nord, øst, sør eller sørvest pga fjell og vann rundt hytta.

Nåværende jakthytte inkludert skjul er 32 BYA og oppført i 2007. Formål med utvidelse er å få bedre plass til jaktlaget under elgjakten og at de kan være flere som kan bære ut elgen i stedet for å bruke helikopter.



Blå prikk viser plassering av jakthytta ved Skjerlevatn i Hægebostad kommune.

Tilbygget er tegnet som rød firkant i nordvest.



Skisse av tiltenkt bygg, ny del til venstre, eksisterende til høyre.

Eksiterende hytte ved Skjerlevatn i Hægebostad kommune.

Forvalter etterspurte i e-post til søker om diverse mål, svar på dette ble sendt 23.10.22:

Mål eksisterende bygg:
Gesimshøyde: 2,53m
Mønehøyde: 4,08m
I tillegg kommer gjennomsnittlig grunnmurshøyde ca. 0,3m
0,1m i nord, 0,5m i sør. Tilbygg kommer i nord.
Tilbygget er tenkt å være 17,2 kvadratmeter (utvendig mål).

Juridisk grunnlag
•Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Bykle, Valle og Bygland kommuner, Åseral, Hægebostad, Kvinesdal og Sirdal kommuner, Agder, og Sandnes kommune, Rogaland, fastsatt ved Kronprinsreg.res. 28. april 2000 (verneforskriften).
•Lov om forvaltning av naturens mangfold av 19.06.2009 (naturmangfoldloven/nml.).
•Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent den 27.04.2015 (forvaltningsplanen).

Hjemmelsgrunnlag
Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde ble vernet ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Formålet med vernet går frem av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde:

"1. Å ta vare på et sammenhengende, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområder, beitelandskap og kulturminner.
2. Å ta vare på et sammenhengende fjellområde som leveområde for den sørligste villreinstammen i Europa. "

Innenfor landskapsvernområdet er det, med unntak av tiltak nevnt i verneforskriften kapittel IV punkt 1.1, forbudt å foreta «inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter», herunder bl.a. «oppføring av bygningar», jf. verneforskriften kapittel IV punkt 1.1.

I henhold til verneforskriften kapittel IV pkt. 1.3 bokstav c), kan forvaltningsmyndigheten gi tillatelse til «mindre tilbygg til eksisterande bygningar», «når verksamda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet».

Forvaltningsplan
Nye bygninger og større utvidelser av eksisterende bygninger vil kunne være et trussel mot verneverdiene og i strid med verneformålet. En forutsetning for dispensasjon er derfor at det kan dokumenteres et konkret behov og at tiltaket kan gjennomføres uten nevneverdig negativ effekt på verneverdiene og at tiltaket ikke er i strid med verneformålet.

Selv om forvaltningsplanen har en øvre arealgrense for de fleste type bygg, er det på ingen måte automatikk i at det blir gitt dispensasjon til å bygge opp mot denne arealgrensa. I hver søknad vil det bli gjort en vurdering av de dokumenterte behovene og innvirkning tiltaket vil ha på verneverdiene og verneformål.

Når det ikke strider mot verneformålet, og heller ikke er en trussel mot verneverdiene kan forvaltningsmyndigheten etter søknad gi tillatelse til utvidelse av eksisterende bygninger opptil en størrelse på 50 BYA.

Tallet på bygninger i verneområde skal holdes på et nivå som ikke er si strid med verneverdier og verneformål. Inngrep i nye området skal unngås, og ved behov for å øke bygningsmasse skal dette skje gjennom utvidelse av eksisterende bygninger.

Naturmangfoldloven
Etter § 7 i naturmangfoldloven skal de miljørettslige prinsippene i §§ 8-12 legges til grunn som retningslinjer ved utøvelse av offentlig myndighet. Forvaltningsmyndigheten må vurdere søknaden etter disse prinsippene ved alle tiltak som vedrører naturmangfoldet, og disse vurderingene skal fremgå av beslutningen.

Styret for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Frafjordheiene har forvaltningsmyndighet for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernområde.

Vurdering

Fritidshytta ligger i randområde for villreinen, men er fortsatt innenfor nasjonalt villreinområde. Det er senest våren 2022 sikre observasjoner av en flokk villrein på nærmere 30 dyr nord i Hægebostad kommune. Spesielt bukker kan finne på å bruke området til vinterbeite, særlig dersom de mer «sentrale» områdene er nediset. Det er mange år siden sist det var sett villrein i Hægebostad. Observasjonene fra våren 2022 viser imidlertid at villreinen kan ta i bruk området på nytt. Etter søk i naturbase for sensitive arter er det registrert forekomster av rødlistet rovfugl nord i Hægebostad, - men lokaltietene er i god avstand fra Skjerlevatnet hvor jakthytta ligger. Forvalter kan ikke finne registrerte sårbare kulturminner. Kunnskapsgrunnlaget §8 vurderes som godt, og det blir derfor lagt mindre vekt på føre var-prinsippet.

Fritidshytta ligger i Vestvassdalen og er 1 km fra vernegrensen og ca. 3 km sør øst for Knaben. I Vestvassdalen er det kun søker som har ei jakthytte pluss «gammel hytta» som ble restaurert i xxxx. Søker har fått innvilget løyve til å bruke helikopter for frakt av felt vilt. Naboterrenget har også fått innvilget det samme. Ellers er det langt mellom hyttene nord i kommunen. Økosystemtilnærming og samlet belastning, jf. § 10:

Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver § 11:
tiltakshaver skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder, jf. § 12;
Forvalter tar høyde for at det skal brukes helikoptertransport under arbeidet, søker er blitt gjort oppmerksom på i vedtaket at det må søkes om eget løyve for dette.

Konklusjon

Ut fra vurderingen over, finner forvalter at det foreligger grunnlag for å gi tillatelse til omsøkte tiltak etter verneforskriften kapittel IV punkt 1.3 bokstav c).Tiltaket kan gjennomføres uten at det strir mot formålet med vernet og er vurdert til å ikke være en trussel for verneverdier. Tilbygget til den eksisterende bygningen vil ikke overskride 50 BYA og er derfor innenfor grensen for utvidelse som kan godtas.

Til: Forvaltningssekretariatet for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane (SVR)

Fra: Jone Haugland, Kolhaug 8, 4340 BRYNE – eier av Vestvassdalen gnr. 102 bnr. 108.

Klage på sak 2022/729-0 angående utviding av bygningsmasse ved Skjerlevatn i Hægebostad.

Dette er ikke en direkte klage, men oppfølging av 2 nylige søknader (imøtekomme innvendingene fra de tidligere søknadene). Søkte først om å realisere utvidelsen som ekstra bygg. Dette ble avslått da ekstra bygg ikke tillates. Søkte så om å utvide skjulet. Dette ble avslått da skjul ikke kan omgjøres til hytte. Søker nå om å utvide hovedbygget til inntil 50 kvadratmeter. Fjell og vann rundt hovedbygget er årsaken til at det ikke ble søkt om dette i første omgang (mer omfattende utførelse).

Nåværende jaktbu og skjul er 30 kvadratmeter og oppført i 2007/2008. 30 kvadratmeter var maksimal størrelse den gang. Senere har maksimal størrelse blitt økt. Formålet med utvidingen er å få plass til et helt jaktlag for elg samt være så mange mann at elgen kan bæres ut i stedet for å bruke helikopter. Bruk av helikopter er verken billig eller miljøvennlig. Området er bratt og kupert. Mellom 6 og 10 km å bære elgen.

Sitat fra siste søknadsbehandling: *En utviding av hovedhytta til inntil 50 m2 BYA ville vært en relativt kurant sak.* Antar derfor at måten å realisere utvidelsen på nå er avklart.

Det ble i første avslaget vist til presedens og faren for mange liknende søknader. Da maksimalt areal ble utvidet ble det sagt at de fleste eksisterende hytter var gamle og allerede var større enn nytt maksimalt areal. Det ble dermed sagt at maksimalt areal kunne utvides da antall søknader kom til å bli få. Det gjelder nok fortsatt. Det har vel heller ikke kommet mange andre søknader.

Ifm. arbeidet med forvaltningsplanen ble det sagt at utvidelse for å få plass til helt jaktlag var et godt argument. Her blir det i tillegg utvidelse for å redusere bruken av helikopter. Jakten blir forhåpentligvis ferdig fortere når flere mann er med. Dette reduserer antall dager med forstyrrelser.

Lokasjonen er bare 1 km fra verneområdegrensen. Plassering av bygg på neste side.

I siste behandling er det også lagt inn et nytt moment: *Verneområdestyret legger vekt på at søker fra før har to driftshytter på eiendommen.* Det stemmer ikke. Det andre bygget det siktes til her er Gamlehytta på 3X4 meter. Gamlehytta er ikke en ordinær driftshytte, men et gjenreist kulturhistorisk bygg som kun kan brukes sporadisk. Det er ikke tillatt med ildsted i bygget. Det er også plassert i feil ende med tanke på bæring av elg. Bygget må kalles lite med omfattende begrensninger vedr. bruk.

Oppsummering: Ønsker å utvide for å få plass til et helt jaktlag samt å ha sengeplasser nok til at felt elg lettere kan bæres ut. Helikopter til frakt av elg er dyrt og ikke alltid mulig å få tak i. Med nok sengeplasser kan bruken av helikopter reduseres til et minimum.

Jone Haugland

Plassering.

Det er ikke mulig å utvide i nord, øst, sør eller sørvest.

Tilbygget er tegnet som rød firkant i nordvest:

Skisse av tiltenkt bygg (ny del til venstre, eksisterende til høyre):



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/9170-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 28.10.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	49/22	08.11.2022

Søknad om helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i samband med Heliboogie 2023, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - SBK-BASE

Vedlegg:
1 SBK-BASE - Søknad om Heliboogie 2023
2 Henrik Lilleheim - Uttale om Heliboogie
3 Miljødirektoratet - Klageavgjerd for Heliboogie 2020

Forvalters innstilling

Med heimel i §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen dispensasjon til 200 landingar med helikopter på Kjerag i samband med transport av personar og utstyr til arrangementet "Heliboogie 2023". Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 21-24. juni 2023. Verneområdestyret legg til grunn at forstyrringa av naturmangfald og fotturistar er relativt avgrensa, og går føre seg over eit så kort tidsrom at dette vurderast til å ikkje være i strid med verneføremålet.

Dispensasjonen på omfattar transport av basehopparar, andre luftsportutøvarar, arrangørstab, filmmannskap og journalistar til og frå Kjerag. Dispensasjonen omfattar og transport av utstyr til desse aktivitetane. Denne utvidinga av dispensasjonen kan gjennomførast, da dette vil ikkje medføre fleire helikopterlandingar.
Verneområdestyret vidarefører vedtaket frå styresak 40/20, der det vart opna for passasjerar kan takast med på returflygingane frå Kjerag til Lysebotn. Andre kan dermed sitte på returtransportane frå Kjerag til Lysebotn dersom dette ikkje medføre auke i talet på transportar.

Helikoptertransportane skal gå føre seg mellom landingspunkta Lysebotn og Kjerag. Landingspunkt på Geitaneset kan brukast dersom det oppstå situasjonar der det blir nødvendig. Det skal følgjast flygeruter som er teikna inn på kartet i vedtaket.

Verneområdestyret vil presisere at det ikkje må takast med gjenstandar som kan medføre forsøpling utfor stupkanten, og at det må leverast inn rapportskjema over kor mange transportar som er gjennomførde til forvaltningssekretariatet innan 1. august 2023.

Kart over flygeruter



Vi vil og gjere merksam på at det i tillegg til dispensasjon etter verneføreskrifta, må innhentast nødvendig dispensasjon frå Sandnes kommune og samtykke frå grunneigar

Med heimel i §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen avslag på sin søknad om dispensasjon til å gjennomføre 300 landingar med helikopter på Kjerag i samband med Heliboogie 2023. Verneområdestyret vurderer 300 helikopterlandingar til å medføre såpass omfattande forstyrringar av fotturistane på Kjerag at det ikkje er grunnlag for å gi dispensasjon etter §48 i naturmangfaldlova.
Verneområdestyret viser elles til vurderingane som vart gjort av Miljødirektoratet i deira klageavgjerd for Heliboogie 2020. Her blir det mellom anna satt ei øvre tak på 200 helikopterlandingar, for å avgrense størrelsen på arrangementet og konfliktar mellom brukargrupper. Etter verneområdestyret si vurdering utgjer dette talet framleis rammene for dispensasjonen.

Med heimel i §2 og §3, punkt 1.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen dispensasjon til å sette opp ein mellombels installasjon ved ein uthoppstad under arrangementet ”Heliboogie 2023” 21-24 juni 2023. Installasjonen er ei rampe som skal «skyte» basehopparar ut over stupkanten. Verneområdestyret legg vekt på at installasjonen er relativt liten og berre skal stå på staden inntil fire dagar. Det skal heller ikkje brukast boreboltar til forankring.

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden
Viser til søknad frå 16.10.2022. Det visast og til tidlegare handsamingar av liknande søknader i Styresak 23/21, AU sakane 126/2012, 268/2012 og 62/2013, 30/2018, samt Delegasjonssak RO 49/2017. Viser og til handsaminga av Heliboogie 2020 i styresakene 30/19, 42/19, 15/20, 38/20 og 47/20, samt Miljødirektoratet si klageavgjerd datert 07.09.2020.

SBK BASE v/ Stein Edvardsen søker om dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde. Søknaden gjeld transport av utstyr og personar i samband med BASE hopp arrangementet "Heliboogie" 21-24. juni 2023. Transportane vil gå føre seg mellom landingspunktane Lysebotn og Kjerag, kor det siste ligg inne i Frafjordheiane landskapsvernområde. Landingspunkta og flygeruta mellom dei, er teikna inn på eit kart som følgjar søknaden.
Det søkast om å kunne personar og utstyr relatert til luftsportarrangementet. Dette vil til dømes omfatte basehopparar, paraglidere, speedflygere, hangglidere, samt filmmannskap og media som ønskjer å dokumentere og dekke arrangementet. Søknaden omfattar og transport av tilskodarar frå Kjerag og ned til Lysebotn.
SBK BASE forventar høg deltaking på arrangementet. Da vil 200 landingar bli for lite, og ved optimale tilhøve kan den landingane være brukt opp i løpet av to dagar. Det søkast derfor om å kunne gjennomføre 300 landingar med helikopter i 2023.
Med grunnlag i erfaringar frå tidlegare år vil talet på transportar truleg ligge ein stad mellom 200 og 300. For arrangementet i 2017 rapporterte søkar om 278 gjennomførte transportar, mens talet låg på 157 i 2018. I 2019 gjorde dårleg vær at talet låg på 168, mens berre 44 transportar vart gjennomført i 2020 og 2021 på grunn av reiserestriktsjonar i samband med covid 19. I 2022 vart det gjennomført 156 landingar.

Ved søknaden ligg det og ein uttale frå Henrik Lilleheim som har vore parkeringsvakt ved Øydegardsstøl i mange år. I uttalen kjem det mellom anna fram at knapt finns fotturistar for blir forstyrra av helikopteraktiviteten under Heliboogie. Tvert om synes mange at det er spanande å sjå på basehopparane og att arrangementet gir ein positiv dimensjon til turen.

I følgje opplysningar frå søkar og informasjon på søkar si nettside http://stavangerbase.com/about-the-heliboogie/, vart dette arrangementet gjennomført første gang i 1998. Vanlegvis er om lag 25-30 land, og opp til 200 hopparar frå heile verden er representert. Noko som gjer det til det største arrangementet i verden av sitt slag. SBK seier at dei har gjennomført Heliboogie i fleire år med stor suksess, og at den har vore med på å sette Kjerag/Lysefjorden på verdskartet både blant hopparar og andre turistar. All hopping vil i følgje søkaren gå føre seg i kontrollerte former, styrt av SBK.

SBK BASE søker og om å få plassere ein mellombels installasjon under arrangementet. Dette dreier seg om ei rampe som er om lag 5m lang, 1m breitt og 1.5m høg. Dette skal brukast til å «skyte» basehopparane ut over kanten, og vil bli plassert ved eit uthoppsdpunkta. Det vil ikkje bli brukt boreboltar for å forankre rampa.

Miljødirektoratet si klageavgjerd for Heliboogie 2020
I styresak 30/19 avslo verneområdestyret søknaden om å arrangere Heliboogie 2020. Grunngjevinga for avslaget var at motorferdsla verka forstyrrande på fotturistane si naturoppleving. Vedtaket vart påklaga av SBK-BASE, Forsand kommune og Lysefjorden utvikling. I styresak 42/19 gjorde derfor verneområdestyret om sitt vedtak og gav dispensasjon til Heliboogie 2020. Denne dispensasjonen vart påklaga av Naturvernforbundet i Rogaland. I si førebuande klagesakshandsaming i styresak 15/20, stod verneområdestyret fast ved dispensasjonen og saka vart sendt til Miljødirektoratet for endeleg klagehandsaming.
I si klageavgjerd datert 07.09.2020 avviser Miljødirektoratet klagen frå Naturvernforbundet i Rogaland, og opprettheld verneområdestyret sitt vedtak om dispensasjon i styresak 42/19, men med ei endring i form av eit nytt vilkår. Her heiter det at dispensasjonen avgrensast til totalt 200 landingar.
I klageavgjerda legg Miljødirektoratet vekt på at forstyrringa frå helikoptertrafikken er tidsmessig avgrensa på ein slik måte at det ikkje kjem i strid med verneføreskrifta sitt føremål om ålmenta sitt høve til naturoppleving. Når arrangementet heller ikkje påverkar verneverdiane negativt, er det grunnlag for å gje dispensasjon etter §48 i naturmangfaldlova. Samstundes meiner Miljødirektoratet at det ikkje er ønskjeleg at arrangementet aukar ytterlegare i volum, og det derfor bør settast eit tak for talet på landingar.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta.

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging".*

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn, og vidare at " *Flyging lågare enn 300 m over bakken, og landing og start med motordrivne luftfarty er forbode. Henting og bringing av passasjerar og gods, der luftfartyet ikkje er nær bakken, er og forbode".* I §3, punkt 5.2 er det nemnt einskilte unnatak frå forbodet og i §3, punkt 5.3 er det lista opp fleire tiltak som forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad.
Etter forvaltningsmyndigheita si vurdering kjem dei omsøkte helikoptertransportane ikkje inn under nokre av dei tiltaka som er nemnt i §3, punkt 5.2 og 5.3 i verneføreskrifta for Frafjordheiane landskapsvernområde. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova som har avløyst dei generelle dispensasjonsreglane i §4 i verneføreskrifta.

Tekniske inngrep i verneområdet blir regulert av verneforskrifta si §3, punkt 1.1 Her heiter det at det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller verka inn på landskapet sin art eller karakter. Vidare heter det at med dei unntak som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3, er det forbod mot inngrep som:
"oppføring og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av røyr, luft- og jordleidningar, bygging av vegar og rasteplassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, graving og påfylling av masse, bakkeplanering, sprenging og boring, bryting av steinar, mineral og fossil, fjerning av større steinar og blokker, bergverksdrift, vassdragsregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske middel, nydyrking, planting, såing, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal ikkje skadast eller øydeleggjast. Opplistinga er ikkje uttømmande".

Den mellombels installasjonen det er søkt om kjem etter forvaltingsstyresmakta sitt syn inn under §3, punkt 1.1 og krev derfor dispensasjon etter naturmangfaldlova sin §48 for å kunne gjennomførast.

I §48 i Naturmangfaldlova heter det at "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig".

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. I følge rundskrivet må følgende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:
- Tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig.
- Tiltaket må ikke stride mot vernevedtakets formål.

Det følger av samme retningslinjer at forvaltningsmyndigheten særlig bør vurdere presedensvirkninger av en dispensasjon.

Helikoptertransportar til Kjerag blir også særskilt omtala i Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og, kapittel 3.6.4 under overskrifta *"Retningsliner for bruk av helikopter til Kjerag i samband med reiseliv, marknadsføring og basehopping"* på side 74. Her er det utarbeida nærare retningsliner og vilkår for handsaming av dispensasjonssøknadar i samband med helikoptertransport til mellom anna filmopptak. Formålet med retningslinene er mellom anna å gje ein mest mogleg avklara forvaltningspraksis, avgrense negative effektar på verneverdiar og opplevingskvalitetar, og å lette oppsynsoppgåvene. Retningslinjene er ei vidareføring av tilsvarande retningslinjer i Fylkesmannen i Rogaland si forvaltningsplan for Frafjordheiane frå 2007. I Forvaltningsplanen heitar det vidare:

- "Tidsvindauga" vil bli strengt handheva, og avgrensa til fire samanhengande dagar i andre halvdel av juni, og fire dagar i september. "Tidsvindauga" skal definerast med datoar i kvar einskild dispensasjon, utan høve til forlenging grunna dårleg vêr eller liknande.
